



**Systrene Nilsen har også servert mykje god musikk og sang i denne sommarsesongen og spennvidda har vore stor musikalsk sett.**

To kveldar i veka som gjekk har ein trubadur med det krevjande

namnet David Talent vore i aksjon. Han fotrtener nokre liner ekstra, ikkje fordi det er resultatet av eige talent han har servert, men fordi han er ein meister til å formidla andre sitt talent. Han er heilt enkelt eit låtmaskin!

Som det heilt rett står i førehandsreklamen må han vera den beste underhaldar ein kan få tak i på dei fleste arrangementer. og han står på med den same energi frå start til slutt. Ikkje minst er det viktig og bra at han formidlar ein så stor prosent av norske låtar. Her står gullrekka av norske hits i kø - frå Forelska i lærern til Tore Tang. Imponerende er det også korleis han meistrar dei ymse dialektane.

Og han er ikkje dårlegare når han syng country, rock eller blues. Alt kompar han sjølv med stort engasjement på gitaren. Han er eit band åleine! Ikkje rart at dansegolvet vart fort fylt også på Systrene Nilsen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen